



## Notat

Dato: 11.04.2014  
Arkivsak: 2014/10504-2  
Saksbehandlar: brihegg

---

<b>Til:</b>	Sekretariatet for kontrollutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### Oppfølging av vedtak gjeldande forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar 2013 - tilbakemelding

Det blir vist til notat til fylkesrådmannen 14.03.14 der det blir bede om tilbakemelding på fylkesrådmannen si oppfølging av tre forvaltningsrevisjonar og ein selskapskontroll i tida 2011 – 2013.

Fylkesrådmannen kan gi slik tilbakemelding:

#### 1. Kartlegging av skulehelsetenesta

I sak 208/12 «Skulehelsetenesta ved vidaregåande skular – oppfølging av budsjettløyving» bad fylkesutvalet om ein rapport over tiltak og resultat innan utgangen av 2013. I melding 226/13 til fylkesutvalet 31.10.13 rapporterte fylkesrådmannen følgjande:

«I Opplærings- og helseutvalet 14.11.12 vart det bestilt ny evaluering av skulehelsetenesta for å sjå på eventuelle endringar i skulehelsetenesta ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. Rapporten vart lagt

fram som sak i Opplærings- og helseutvalet (sak 39/13, vedlegg 1) og viste blant anna at:

- Ein kan sjå ein klår auke i dekningsgraden på dei fleste skulane.
- I snitt hadde skulane ein dekningsgrad på 74 %, medan talet i 2010 var 49 %
- 30 av 41 skular har auka dekningsgraden sidan 2010.
- I 2010 var det 5 skular som ikkje hadde helsesøster på skulen. I 2013 har alle skular dette.
- Det er noko større dekning på dei vidaregåande skulane i Bergen kommune. Snittet på dekningsgraden er her på 80 %, mens skulane utanfor Bergen kommune har ein dekningsgrad på 71%, noko ein kan sjå i samanheng med at det vart løyvd 1,5 millionar frå Fylkesutvalet.

15. juli 2013 fekk HFK ein statusrapport frå Bergen kommune der det vart gjort greie for resultat og tiltak frå 2011 til 2012 etter løyvinga får Fylkesutvalet (vedlegg 2). Her kan ein blant anna sjå at:

- Medrekna løyvinga frå HFK vart helsetenesta styrka med 3,1 mill. kroner.
- Skulehelsetenesta har totalt auka med 5,1 årsverk.
- Helsesøstertenesta er auka med 3,9 årsverk.
- Psykologitenesta er styrka i Åsane, Årstad og Fyllingsdalen.

Ut frå evalueringa av skulehelsetenesta og eigenrapport frå Bergen kommune kan ein sjå at

skulehelsetenesta i Bergen kommune er styrka på fleire vesentlege punkt det siste året.»

Meldinga vart også lagt fram for opplærings- og helseutvalet 22.10.13. Det var ikkje merknader til meldinga frå verken opplærings- og helseutvalet eller fylkesutvalet.

Vedlegg 1 «Statusrapport skulehelsetenesta» og vedlegg 2 «Svar frå Bergen kommune» ligg ved.

## **2. Samhandling på vegområdet**

Fylkesrådmannen seier seg lei for at fylkestinget sitt vedtak ikkje er følgd opp slik det skulle. Det må i stor grad forklarast med at samferdselsavdelinga i 2013 har hatt fleire leiarskifte med mellombelse konstitueringar og redusert bemanning.

I det følgjande vert dei ulike vedtakspunkta kommenterte.

### **1. Etablere formaliserte prosjektspesifikke møte for oppfølging av investeringsprosjekt (ref. eigarstyringsmøte i Sogn og Fjordane).**

Prosjektspesifikke styringsmøte kan styrka fylkeskommunen sin kontroll og styring med fylkesvegprosjekta. Samferdselsavdelinga er representert i Bergensprogrammet i *styringsgruppen, faglig koordineringsgruppe* og i alle faggruppene. Vidare er avdelinga mellom anna representert i *kontaktutvalet for Bømlopakken, kontaktutvalet for Stord vestsida, kontaktutvalet for Askøypakken* og *kontaktutvalet for nytt Sotrasamband*. I *Kvammapakken* er fylkeskommunen også representert.

For Hordaland fylkeskommune som vegeigar er det viktig å ha god informasjon om, og kontroll med, fylkesvegprosjekta. Det at vi er representert i ovannemnde fora, gir oss god kontroll med desse prosjekta. Dialogen med Statens vegvesen, både den formelle gjennom fylkesvegrådmøta, den løpande og den skriftlege rapporteringa, gir oss informasjon om dei ulike prosjekta. Utfordringa er å komma tidlegare inn i diskusjonane på prosjekt der kostnadane overstig rammene. Vi har ein løpande dialog med Statens vegvesen om dette. Vi vil framover i sterkare grad vera delaktig i prosjektstyringa i dei store prosjekta, mellom anna er det planlagt at nye, store prosjekt vil få særskilt oppfølging. Vidare vil vi ha fleire faste møte med vegavdelinga i Hordaland (avdelingsdirektøren sin stab, som innkallar seksjonsleiarar og andre etter behov). Ut frå talet på små og store prosjekt, må vi innhenta nok informasjon til å fokusera på dei prosjekta med størst risiko for overskriddingar. Vi vil også ha eit større fokus på avviksrapportering på alle store prosjekt når det gjeld tid og kostnader.

Konklusjon: Oppfølging av større vegprosjekt vil få eit endå sterkare fokus framover. Fylkesdirektør samferdsel er ansvarleg for arbeidet.

### **2. Vurdere om det vil vere føremålstenleg å nytte eit nettbasert system for dokumentdeling mellom fylkeskommunen og vegvesenet knytt til vegprosjekt.**

I Bergensprogrammet vert det nytta [www.prosjektplassen.no](http://www.prosjektplassen.no), eit system for deling av dokument mellom ulike brukarar. Systemet kan brukast ved innkallingar, referat, rapportar, reguleringsplanar mv. av brukarar med tilgang til dei ulike prosjekta. Den er spesielt nyttig for å distribuera store el-filer. Vegvesenet har også eit anna tilsvarande system (EROOM).

Vi er kjent med at systema finst, og dei ulike prosjektgruppene vurderer om dette er eit eigna hjelpemiddel for gruppa. Vi ser dette i samband med punktet over, ansvar vert det same som for punkt 1.

### **3. Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen og vurdere om dette til dømes kan gjerast i samarbeid med dei andre fylkeskommunane i Region Vest.**

*Etablere meir formaliserte rutinar for den årlege evalueringa av rammeavtalen:*

Samferdselsavdelinga har brukt mykje ressursar på oppfølging av tertialrapportar og årsrapportar frå vegvesenet. Denne rapporteringa har utgangspunkt i dei årlege plan- og byggeprogramma og årsbudsjettet. Det er brukt mindre ressursar på rammeavtalen, men det er no avtalt med Statens vegvesen å foreta ei evaluering i løpet av 2014.

*Vurdere samarbeid med Rogaland og Sogn og Fjordane om evalueringa:*

Generelt er vi positive til meir samarbeid og erfaringsutveksling med andre fylkeskommunar. Det er fleire område innan samferdselsområdet som kan vera aktuelle for samarbeid. Slikt samarbeid vil vanlegvis krevja ein del ressursar før det gir gevinst. Vi ønskjer primært å få eigne rutinar på plass, men vil sjølv sagt også gjera ei vurdering om vi skal gå vidare med dette. Det kan opplysast at fylkesdirektør samferdsel har oppretta kontakt og utvekslar erfaringar med fylkesdirektøren i Rogaland. Dette samarbeidet er på eit overordna nivå, men ytterlegare samarbeid på ulike område blir løpande vurdert.

Konklusjonen er at samferdselsavdelinga vil ta ein gjennomgang av rammeavtalen pr 31.12.14, basert på erfaringane med års- og tertialrapporteringa. Vidare konklusjon er at erfaringsutveksling om ulike oppgåver med dei andre fylkeskommunane kan vera nyttig og effektiv, men må vurderast ut frå kostand mot nytte. Dette vil vurderast av seksjonsleiar ved vegseksjonen, med avdelingsdirektøren som ansvarleg.

**4. Trekkje Vegvesenet og andre fylkeskommunar inn i arbeidet med å utarbeide praktiske rutinar for å handtere nye krav til budsjettering og rekneskapsføring i investeringsrekneskapan, og handtering av fleirårige prosjekt.**

Økonomiavdelinga i Hordaland fylkeskommune har handtert dei nye krava til budsjettering for budsjettet for 2013 i samarbeid med Svv og vegseksjonen. Dei skriftlege rutinane som vart nedfelt i 2012 omhandlar også budsjettprosessen. Samferdselsavdelinga vil starta opp arbeidet med å vidareutvikla og oppdatere rutinane i løpet av våren 2014, og tar sikte på å avslutta dette til hausten. Etter vårt syn er det fornuftig og nyttig at rutinar er formalisert, og at ansvar er plassert og kjent for alle involverte. Spesielt når det gjeld fleirårige prosjekt ser vi behov for skriftlege rutinar. Vi er usikre på om det er mykje å henta på å trekkja andre fylkeskommunar inn i dette arbeidet, ut over eventuelt å innhenta eventuelle skriftlege rutinar på området. Hordaland fylkeskommune (samferdselsavdelinga og økonomiavdelinga) har god og tett kontakt med Statens vegvesen om budsjettet.

Konklusjonen er at samferdselsavdelinga saman med økonomiavdelinga og vegvesenet, vil oppdatere rutinane og vurdere rutinane for fleirårige prosjekt, slik at Hordaland fylkeskommune får tilstrekkeleg og korrekt informasjon om budsjett og medgåtte kostnader. Vi vil vurdere praksis frå andre fylkeskommunar, og vurdere eventuelt samarbeid innan området. Fylkesdirektør samferdsel er ansvarleg.

**5. Vurdere om ingeniørkompetansen innan samferdsleavdelinga er tilstrekkeleg.**

Tidlegare samferdselssjef og noverande fylkesdirektør er begge sivilingeniørar frå NTH/NTNU. Ut over det, har ingen på samferdselsavdelinga ingeniørkompetanse. Ifølge avtalen om sams vegadministrasjon er det Statens vegvesen som har og utøver denne kompetansen for fylkeskommunen.

Sjølv sagt ville det vore nyttig for fylkeskommunen å ha eigen kompetanse til å vurdere den tekniske biten av ulike tilrådingar og vurderingar frå vegvesenet. I samband med rekruttering til nye stillingar i samferdselsavdelinga/vegseksjonen vil det vera eit pluss om kandidatane har relevant ingeniørkompetanse, i tillegg til øvrig kompetanse og personlege eigenskapar. Dette vil vera ein del av totalvurderinga i tilsetjingsprosessane. Slike vurderingar har også vore gjort ved rekruttering til samferdselsavdelinga fram til no. Så langt vi kjenner til er det stor etterspurnad etter slik kompetanse i arbeidsmarknaden.

Konklusjonen er at (vegteknisk) ingeniørkompetanse vil vera nyttig, men ikkje avgjerande, og blir vurdert i samband med tilsetjingar på samferdselsavdelinga. Samferdselsavdelinga ønskjer å fokusera på å ansvarleggjera og nytta Statens vegvesen sin ingeniørkompetanse, i samsvar med avtalen om sams vegadministrasjon.

**6. Lage ein handlingsplan innan 15.02.2013 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.**

Oppsummert: Det vert arbeidd aktivt med Statens vegvesen for å vidareutvikla samarbeidet under sams vegadministrasjon. Ovanståande utgreiing er svar på etterlyst handlingsplan.

### 3. Sjukefråvær

Vedlagt følgjer oppdatert handlingsplan vedr. tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune», jf. vedtak i Fylkestinget av 12.12.12., sak 84/12.

I denne oppdaterte versjonen av handlingsplanen er det lagt inn status for tiltaka pr. 7. april 2014.

Fylkesrådmannen vil knyta følgjande kommentarar til oppfølginga av handlingsplanen :

Det mest omfattande tiltaket (jf. hovudpunkt 1 i planen) var utan tvil den obligatoriske leiaropplæringa i sjukefråværsoppfølging. Ca 320 leiarar med personalansvar deltok på i alt 6 kursdagar i 2013. Dei fekk opplæring både i hovudpunkta i det lov- og avtaleverket som regulerer sjukefråværs-handteringa, og i det verktøyet i Personalportalen som leiarar skal nytta i oppfølginga av sine tilsette.

Ved servicesenter løn har ein tatt eit godt grep om arbeidet med korrekt innrapportering av sjukefråvær og oppfølging av refusjon frå NAV, jf. hovudpunkt 2 og 3. Det er etablert ei eigen arbeidsgruppe internt ved servicesenteret som arbeider med desse tiltaka.

Av dei tiltaka som ikkje har kome på plass, vil fylkesrådmannen særleg nemna manglande leveranse av analyseverktøy frå leverandøren av Personalportalen. Det har tatt urimeleg lang tid å få på plass eit påliteleg verktøy. Personalseksjonen har vore svært aktiv for å testa og peika på manglar i dei versjonane som har vorte levert, men leverandøren har ikkje makta å koma i hamn. Noko av forklaringa ligg i ein fusjon på eigarsida i firmaet, med tilhøyrande skifte av teknologisk plattform. Siste versjon av «HR Analyse» ser lovande ut når det gjeld brukargrensesnitt, men datafangsten har framleis store manglar. Verktøyet er derfor ikkje rulla ut i heile organisasjonen, men er teken delvis i bruk i fylkesadministrasjonen. Ut frå det store arbeidet med dette analyseverktøyet har leverandøren prioritert ned forbetring av dei standardiserte fråværsrapportane som heile tida har vore tilgjengeleg for alle leiarane, jf. tiltak nr. 4. Ein vil følgje opp denne saka i 2014.

### 4. Eigarskapsforvaltning

Forenkla eigarskapsmelding for 2014 vart lagt fram for fylkestinget i mars 2014 og fylkestinget tok meldinga til orientering. I meldinga vart det mellom anna informert om status i forhold til punkta 5,6 og 8 i fylkestingssak 17/13 Selskapskontroll – eigarskapsforvaltning i Hordaland fylkeskommune. Punkt 5, 6 og 8 har slik ordlyd:

5. Å utarbeide rutinar, saman med valnemnda, for val av styrerepresentantar, der det mellom anna kan gå fram kven som kan veljast og kva kvalifikasjonar som skal vektleggast (jf. punkt 4 i fylkestingvedtak 02/08).
6. Å sikre at punkt 5 i fylkestingvedtak 02/08 om å utarbeide rutinar og retningsliner for utøving av styreverva blir følgt opp. Slike rutinar kan omfattast av eigarskapsmeldinga og kan t.d. omhandle registrering av styreverv, vurdering av habilitet og liknande.

8. Spørsmålet om ugildskap blir tidvis aktualisert både i fylkestinget og i utval og komitéar. Praksis på dette området synest å variere. Fylkestinget ber fylkesrådmannen i samarbeid med kontrollutvalet om eit notat som kan gi politikarane i Hordaland fylkeskommune naudsynt rettleiing med omsyn til praktisering av ugildskap.

I eigarskapsmeldinga for 2014 opplyste fylkesrådmannen om at sak om prosedyrar for val av styremedlemmer og kompetansevurdering, punkt 5 og 6 ovanfor, vil bli lagt fram for fylkestinget i god tid før neste fylkestingsval. I valnemnda vart det 11.03.14 i sak 6/14 Eigarskapsforvaltning - styrerepresentasjon og kompetanse gjort slikt vedtak:

«Det settes ned et arbeidsutvalg bestående av gruppelederne – som skal utarbeide regelverk for rekruttering av styremedlemmer og utøvelse av styreverv. Forslag til regelverk legges fram til behandling i fylkestinget i desember 2014.

Leiar: Mona H. Hellesnes»

Når det gjeld spørsmål knytt til habilitet, slik det kjem fram av punkt 8 ovanfor, har fylkesrådmannen innhenta ei ekstern utgreiing om praktisering av habilitet.

Utgreiinga vart lagt fram som referatsak i fylkestinget i mars 2014 og vart tatt til orientering.

Vedlegg:

Statusrapport skulehelsetenesta

Svar frå Bergen kommune

Handlingsplan vedr. tilrådingar i forvaltningsrevisjonsrapport «Sjukefråvær i Hordaland fylkeskommune» - status pr. 7. april 2014

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*